

Ullensvang mållag
v/ Erlend Trones
Lutro
5781 LOFTHUS
erlendtr@gmail.com

25. august 2014

Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Høyringsfråsegn – framlegg til endringar i lov om stadnamn

Ullensvang mållag går imot framlegget til endring i stadnamnlova som gjeld normering av bruksnamn. Me meiner at både praktiske og kulturelle grunnar tilseier at bruksnamna til liks med andre stadnamn bør normerast etter einskaplege reglar der norsk rettskriving og nedervd uttale vert lagde til grunn.

Laget stør dei andre lovendringane i høyringsframlegget.

Som Kulturdepartementet skreiv ved høyringa om same saka i 2012, er gardsnamn og bruksnamn «blant de eldste stedsnavnene i landet og loven søker derfor å gi disse et særskilt vern». Det verkar soleis uforståeleg at det same departementet føreslår å gje bruksnamna dårlegast rettsvern av alle stadnamn-kategoriar. Den delen av framlegget til lovendring som gjeld bruksnamna spesielt, går enkelt sagt ut på at staten overlèt mykje av avgjerdsmakta for normeringa av bruksnamn til dei som tilfeldigvis er eigarar til ei kvar tid. Det er ingen grunn til å venta at storparten av desse skal ha den språklege og historiske kompetansen som trengst til å gjera det på rett måte, og dermed må ein rekna med at resultatet vert deretter. Med tanke på kor harde frontar det ofte er i normeringsspørsmål, er det òg illusorisk å vona på at dei «fagspråklege tilrådingane» skal endra oppfatninga til grunneigarane i dei fleste sakene som vil koma opp.

Stadnamna er slik me ser det ei kulturell felleseige som tilhøyrer heile landet, og det verkar for oss kunstig å setja eit skilje mellom normeringa av bruksnamn og andre typar namn. Anten må staten ved kompetente fagfolk normera alle stadnamn, elles må dei overlata alle namna til «marknaden».

I dag har me fagfolk til å normera alle desse namna, og det er fordi stadnamnormering er eit fag. Ved normeringa tek dei omsyn til språkhistoria til namnet, tydinga, skriftlege førelegg gjennom hundreåra, gjeldande rettskriving, konsekvens, tilpassing til lokal uttale og forskrifta om skrivemåten av stadnamn. Dette er noko me som samfunn har sett dei til å gjera fordi me har forstått kor viktig det er å ta vare på den kulturarven stadnamna er, og fordi me set pris på den tradisjonen me har fått overlevert frå dei som levde før oss. Det er trist om me no med eit pennestrøk skal riva ned det me har bygt opp dei siste hundre åra ved igjen å overlata bruksnamna til ukunnige.

Me vil gjera merksam på at eit slikt vedtak har større og farlegare konsekvensar i dag enn det hadde i dansketida. I dansketida hadde me eit stabilt jordbrukssamfunn der stadnamna fyrst og fremst vart overleverte munnleg. Den norske stadnamntradisjonen stod vanlegvis støtt trass i at namna ikkje vart skrivne rett av danske embetsmenn. I dag er stoda ei heilt anna, no er det oftare dei skriftlege

førekomstane som er primærkjeldene for stadnamna, og folk tilpassar uttalen til skriftbiletet. Dersom ein brukseigar eller festar bestemmer seg for å henta fram ein skrivemåte frå dansketida fordi det samsvarar med etternamnet hans, vil det raskt kunna føra til at den norske, nedervde skrivemåten går i gløymebooka for alltid. Me reknar med at det er fleire enn oss i målrørsla som tykkjer det er feil å lata gode, tradisjonsbundne namneformer som har gått i arv i fleire hundreår forsvinna fordi ein tilfeldig prest på 17- eller 18-hundretalet fann ut at han skulle skriva namna på dansk manér.

Til slutt vil me påpeika alle dei praktiske ulempene det føreliggjande framlegget vil føra med seg. Svært ofte har mange av bruka på ein gard same namnet som garden, og lovframlegget vil føra med seg at mange bruk vil få ein annan skrivemåte enn hovudbruket, endå det er snakk om eitt og same namnet. Det vil vera vanskeleg for både lek og lærd å halda styr på det mylderet me vil få av ulike skrivemåtar.

Ei anna ulempe melder seg ved bruk av elektroniske verkty som GPS og kartsøk på Internett. Med frislepp av delar av stadnamnormeringa vil det verta vanskelegare for folk å gjera seg nytte av slike verkty, for dei må vera klypparar i å hugsa dei ulike skrivemåtane som, ulikt i dag, dels vil avvika ganske kraftig frå gjeldande norsk rettskriving. Det faktiske resultatet vil då visa seg å vera mindre demokratisk enn det ein fyrst såg for seg.

Som døme på historisk variasjon i skrivemåtar kan me bruka tri gardar som ligg etter kvarandre her i Ullensvang herad, nemleg Haustveit, Hauso og Årekol. Etter eit raskt søk finn me desse variantane (det finst venteleg endå fleire dokumenterte skrivemåtar i kjeldene enn dei som er tekne med her):

- Haustveit: Hausathueit, Høsssetwed, Hawssatwett, Hussthuedt, Housstuett, Hustueid, Hougstuedt, Hustued, Husthued, Hussetued, Høugstued, Hougstuedt, Hougstvedt, Haugsthveit, Haustveit
- Hauso: Hausom, Hause, Hawss, Hauss, Høffze, Husse, Housenn, Hous, Høugse, Høussse, Høugsse, House, Hougse, Haugse, Hauso
- Årekol: Orhuald, Øfreuoldt, Aarkule, Øffrequall, Øffrequal, Øurequale, Øfre Qvale, Øvreqvale, Øvrekvale, Quale, Kvale, Aarekol, Aarekaal, Aarekvaale, Årekol

Om alle brukarane på kvar av desse gardane skulle finna ut at dei vil vera «spesielle» og ha sin eigen skrivemåte på sitt bruk, vert det kanskje klart for lesaren kva konsekvensar den føreslegne lovomleggjinga kan koma til å ha. Resultatet kan etter kvart koma til å verta uhandterleg, men då er det kanskje for seint å angra.

Erlend Trones

leiar

Ullensvang mållag